



Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal
Bråtan 11
3022 Drammen
e-post: buskerud@naturvernforbundet.no
Tlf: 99604555

Drammen 8.3.2023

Gol kommune
postmottak@gol.kommune.no

Kommunedelplan for naturmangfald 2023-2027

Naturvernforbundet i Buskerud er positiv til at Gol kommune har laga ein kommunedelplan for naturmangfald. Det kan bli ein god og kraftfull reiskap for å ha ei god naturforvaltning i framtida dersom planen blir brukt aktivt.

Kommuneplanen har tre hovedmål:

1. Å gi ei god oversikt over naturmangfaldet i kommunen.
2. Betre kunnskapsgrunnlaget i arealforvaltninga.
3. Vera eit utgangspunkt for utarbeiding av områdespesifikke handlingsplanar.

Hyttebygging

Naturvernforbundet i Buskerud meiner at hyttebygging og nedbygging av natur er den største trusselen mot naturmangfaldet i Gol kommune. Det er derfor positivt at planen slår fast at det **skal** vera auka bevisstgjerjing rundt hyttebygging, særleg i område med verdifulle naturtypar og beiteområde.

Planen viser også til kommunenplanen sin samfunnsdel som seier at Gol kommune skal ha ei berekraftig og konsentrert hytteutvikling, og at samanhengande og urørde landskap skal skjermast mot utbygging. Norge har nettopp skrivne under naturavtalen COP15. Gol kommune bør sjå på den og implementere aktuelle mål.

Erfaringane frå arbeidet med reguleringsplanen på Søråsen viser fleire uheldige sider ved arealforvaltninga i Gol. Sjølv om politikarane innrømmer at området ikkje ville blitt lagt ut som byggeområde i dag, føler dei seg pressa, av økonomiske grunnar, til å vedta planen. Juridisk sett er det ingen grunn til å frykte at kommunen blir økonomisk ansvarleg ved endring av planen. Det har også vist seg at kartlegginga er dårlig, konsulentfirmaet har ikkje vore i felt, dei har basert seg på kjende kartbasar. Det er tilfeldig om nokon har vore i området og kartlagt, så dette ikkje i tråd med kravet om

eit godt kunnskapsgrunnlag. Kommunen er ansvarleg for dette, og bør stille krav i komunedelplanen for naturmangfald om at det skal brukast tid i felt ved framtidige kartleggingar. Planen viser også at det er på tide å rydde opp i gamle reguleringsplanar. Det er juridisk problemløst å oppheve gamle utdaterte reguleringsplanar som ikkje er i tråd med nye overordna planar og føringar.

Oversikt over naturmangfaldet

I følgje planen er bare 11,2 % av kommunen kartlagt. Det viser at det er viktig med god kartlegging når nye tiltak som fører til nedbygging av natur skal realiserast. Det er særleg viktig å oppretthalde såkalla grønne korridorar der dyr kan vandre og planter kan spreie seg. Ved klimaendringar, som me har i dag, er dette særleg viktig.

Kartlegging bør særleg prioriterast i dei områda som mest sannsynleg har store naturverdiar.

Skog

Nær halvparten av dei raudlista artane finn me i skog. Det moderne skogbruket er ein trussel mot mange av dei. Kommunen har hatt ei passiv rolle i forhold til skogbruket, det er lite kontroll med at skogbrukslova blir følgd opp av næringa. Me meiner at kommunen har eit større ansvar for dette. Planen bør krevje eit tett og godt samarbeid mellom skognæringa, skogoppsynet og miljøansvarleg i kommunen.

Det står i skogbrukslova at grunneigar pliktar å kjenne til miljøverdiane i eigen skog, men det er eit fåtal av dei som har det. Det er krevjande for skogeigarar å ha gode kunnskapar om det biologiske mangfaldet og naturverdiane i skogen. Eit godt samarbeid mellom grunneigarar, skogoppsynet og miljøvernleiar i kommunen kan bidra til meir kunnskap og betre forståing for dei naturverdiane som står på spel ved hogst.

Flatehogst er den største trusselen mot biologisk mangfald i skog. Ved flatehogst i naturskog blir skogen faktisk borte. Dersom kommunen har handlingsrom for det bør tilskot til skogdrift gå til dei som vil drive meir naturvenlege hogstmetodar.

Myr

Myr er viktig som karbonlager, men kan også ha stort biologisk mangfald. Den er også eit viktig vatn-reservoar for natur i nærleiken av myra. Den syg opp vatn når det regnar, og gir frå seg vatn ved tørrare tider. Det er viktig at kommunen får kartlagt myrområda i kommunen, og slår fast i planen at myr ikkje skal øydeleggast. I Nibio sin kartbase- Kilden - finst det ein oversikt over mange myrområde i landet. Den kan vera nyttig, men det er viktig å vite at den ikkje er fullstendig.

Kantsoner

Det bør inn eit eige punkt om kantvegetasjon i planen. Kantsonen mot vassdrag har mange viktige funksjonar. Den hindrar avrenning til vassdraget, avgrensar erosjon, og er viktig næringsgrunnlag for dei som lever i vassdraget. Den gir skygge og skjul, og den er vandringskorridor for planter og dyr.

Verdien av kantsone bør inn i arealdelen i kommuneplanen.

Det er vannressurslova §11 som i hovedsak regulerer tiltak i kantsonen, og det er krav om søknad til Statsforvaltaren dersom det er ønskje om å hogge i kantsonen.

Attgroing

Planen nemner at attgroing er ei utfordring for det biologiske mangfaldet. Det er i hovedsak endring i bruken av områda og klimaendringar som gjer at det blir attgroing. Det er viktig å kartlegge dei mest verdifulle områda, og lage ein skjøtselsplan for desse.

Lysforureining

Det blir meir og meir lys som står på døgnet og året rundt i hyttefelt og andre stader. Sjølv midt på sommaren kan ein oppleve at gatelysa står på. Dette er eit stort problem, spesielt for insekt som skal orientere seg. Dei blir trekte mot lyset, og mange døyr på grunn av det. Det bør vera eit forbod mot lys på hytter der det ikkje er folk til stades, og større merksemd på lysforureining generelt.

Tilrettelegging

Det blir stadig stilt nye krav om å legge til rette for aktivitet i naturen. Det er ei voldsom auke i sykkelstigar rundt omkring i dalen. Dette er positivt for nokon, men kan også vera negativt i forhold til naturoppleving.

Kommunen har tatt dette opp i planen og uttaler at det ikkje skal leggjast til rette for auka ferdsel i inngrepsfrie område. Det er bra.

Gjerde

Lange strekningar med sauegjerde er negativt for viltet, og kan vera irriterande for folk på tur. På sikt blir dei ofte liggande nede, og kan vera ein fare for viltet. Slike gjerde bør skiftast ut med meir moderne metodar.

Naturvernforbundet i Buskerud håpar at denne planen blir ein god reiskap for å ta vare på naturmangfaldet i Gol kommune.

Venleg helsing Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal